



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

RAPPORT FRÅ KULTURMINNEREGISTRERING

Sæle Sag
Privat regulering
Gnr/bnr 88/1, 88/3
BALESTRAND KOMMUNE



Kommune:	Balestrand		
Gardsnamn:	Sæle og Vellum		
Gnr/Bnr:	88/1 og 88/3		
Tiltakshavar:	Sæle Sag AS		
Adresse:			
Namn på sak:	Sæle Sag. Privat regulering		
Saksnummer:	16/8185		
Registrering utført:	12.-17.10.2017	Ved:	Karoline Hareide Breivik og Isabel Furesund
Rapport utført:	14.11.2017	Ved:	Isabel Furesund
Rapport kontrollert av:			
Askeladden id:			
Autom. freda kulturminne i området:	Steinring Gravrøys Gravfelt lokalitet Gravrøys Gravrøys		231511 60464 55446 - 55446-1 - 55446-2 25447 231522
Nyare tids kulturminne i området:	Fantehola Varslingsvete		

SAMANDRAG

I samband med kulturminneregistreringa ved Sæle Sag vart det gjort funn av to automatisk freda kulturminne innanfor planområdet; ei gravrøys og ein steinring. I tillegg vart det registrert fleire rydningsrøyser.


Frå før er det kjend ei gravrøys innanfor planområdet, i tillegg til at det ligg to vest for planområdet og ei aust for planområdet; alle desse er det teke ei tilstandsvurdering av.

Planområdet vart undersøkt ved maskinell sjakting og overflateregistrering supplert med graving av prøvestikk. Det vart hovudsakleg leita etter flatmarksgravar og busetnadsspor frå bronse-, og jernalder.


BAKGRUNN

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Næring- og kulturavdelinga gjennomførte ei arkeologisk registrering på Seleneset i Balestrand kommune. Bakgrunn for registringa er Sæle Sag AS sin reguleringsplan om dispensasjon for utbygging av bedrift. Registringa vart utført for å oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jamfør § 9 i lov om kulturminne.

OMRÅDET



Figur 1: Området markert med raudt



Figur 2: Planområdet ved Sæle Sag


Planområdet ligg på Seleneset, nord for Sognefjorden i Balestrand kommune. Området er tenkt til utviing av Sæle Sag AS og omfattar gbnr 88/1 og 88/3. Terrenget består av kupert utmark, hallande dyrka mark og

berg langs fjorden. Det veks mykje bar-, og lauvtre samt einebusker og bregner i utmarka.



Figur 3: Oversynsbilete av området

På Seleneset er det kjend fire gravrøyser; ei av dei innafor planområdet (Askeladden ID: 60464) og tre like utafor i aust (Askeladden ID: 25774-1) og i vest (55446-1 og 2). Ved Krokaneset ligg to gravrøyser (Askeladden ID: 55444 og 66709).



Figur 4: Kjende kulturminne i området. Kartutsnitt henta frå Askeladden.ra.no.

STRATEGI OG METODE

DELTAKARAR OG TIDSROM

Arkeologane Karoline Hareide Breivik og Isabel Furesund utførte registreringa ved Sæle Sag 12.-17.10.2017. Det vart nytta 6,4 dagsverk i felt og 2,9 dagsverk er nytta til for- og etterarbeid. Ingen C14 prøver er sendt inn til datering.

STRATEGI OG METODE

Området vart undersøkt med maskinell sjakting og overflaterregistrering supplert med prøvestikk. Ved maskinell sjakting opnar ein om lag tre meter breie sjakter der ein fjernar torv og matjord ned til steril undergrunn. Lengda på sjaktene varierer ut i frå planområdet og terrenget. Det vart opna fire sjakter der ingen var funnførande.


Ved overflaterregistrering ser ein over utmarksområder etter kulturminner som er synleg på overflata. Det blir nytta jordborr for å sjå kor djupt det er til undergrunn og eventuell endring i masser.

Graving av prøvestikk blir gjort stader der ein ser potensiale for kulturminner som ikkje er synleg på overflata. Prøvestikka er ca. 40x40cm og blir graven ned til steril undergrunn. Det vart graven to prøvestikk utan funn.

RESULTAT

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Under den arkeologiske registreringa vart det gjort funn av ei gravrøys og ein steinring, fleire rydningsrøysar og det vart gjort tilstandsvurdering av dei eksisterande kulturminna på plassen.



Figur 5: Automatisk freda kulturminne


Gravrøys, Askeladden ID 231522

I søraust langs den dyrka marka er eit søkk i terrenget med ein bergknaus i nord og berg i sør og aust. I dette søkket er det bygd opp ei stor røys. Ho måler 4,80x3,90 meter og er om lag 1,2meter høg. Steinane er nokolunde

jamn i storleik, med større steinar nedst, 60cm i tverrmål, og mindre øvst, 20cm i tverrmål. Røysa ser oppmura ut i vest. Røysa ligg skjult bak bergknausen i nord, men er synleg frå vest. Frå røysa har ein utsyn mot fjorden i sørvest og vest.



Figur 6: Røys 1. Bileta er tatt mot aust.



Figur 7: Automatisk freda kulturminne aust i planområdet.

Steinring, Askeladden ID: 231511


Like innanfor for plangrensa i aust, og like sørvest for ei gravrøys (Askeladden ID: 25774), ligg ein steinring på berget. Sirkelen måler 4 x 3,6 meter og består av åtte store steinar og fleire små. Steinane varierer i storleik; den største 83x70cm og den minste 30x55cm. Det ligg fleire små steinar i og rundt sirkelen som ikkje er dekkja av torv og mose. Steinringen har vore godt synleg frå gravrøys 25774, og er kan hende rester etter ei mindre gravrøys.



Figur 8: Steinring. Biletet til venstre er tatt mot SSA og biletet til høgre er tatt mot SV.



Figur 9: Steinringen sett frå gravrøys 25774. Dei ligg begge med godt utsyn over fjorden.



Figur 10: Automatisk freda kulturminne i aust

Statusrapport på tidligere registrerte kulturminne:

Gravfeltlokalitet, Askeladden ID 55446

Inneheldt to gravminner, truleg frå jernalder. Dei ligg på ein rygg som er orientert nord-sør. Det veks ein del lauv- og bartre på ryggen som gjer at røysene ikkje er synleg på avstand. Røys 55446-1 er 8-10meter i tverrmål og om lag 1meter høg. Dei ytre måla er omtrentlege då røysa er overgrodd av mose og torv i kantane. Det er eit lite søkk midt i røysa. Røys 55446-2 er om lag 12meter i tverrmål og 1meter høg. Det går eit gjerde nord-sør midt oppi begge røysene og ved røys 55446-2 er det lagt ein del skrot som skjemmer kulturminna.



Figur 11: Gravrøys lokalitet 55446. Nr. 1 til høgre og nr. 2 til venstre.

Gravrøys, Askeladden ID 60464

Midt i planområdet ligg ei gravrøys mellom to vegar. Røysa ligg på ein liten høgderykk med utsyn over Sognefjorden i søraust, sør og sørvest. I 1977 var røysa målt med eit tverrmål på 8meter. Det er i dag ikkje mogleg å sei noko om størrelsen då den er utkasta fleire stader og den har blitt lagringsplass for mykje skrot. Røysa er ikkje synleg frå avstand. Slik røysa er i dag bør det gjerast tiltak for å bevare den.





Figur 12: Gravrøys (Askeladden ID: 60464). Røysa er nesten ikkje synleg i dag.

Gravrøys, Askeladden ID 25774

Like aust for plangrensa ligg gravrøys 25774. Røysa er 9,5 x 5 meter. Den er utkasta, og store deler av den er rast ut. Det gjer at den er låg, men den er framleis godt synleg i terrenget. Det veks store bartre i røysa og ein del av steinane er dekkja med mose.



Figur 13: Gravrøys 25774. Trea gjer det vanskeleg å skilne røysa på bileta. På bilete til høgre ser ein korleis røysa har rasa ut mot aust.

Kulturhistorisk vurdering av dei automatisk freda kulturminna

Gravrøysene på plassen vitnar om eit område som har vore i bruk i bronse/jernalder. Gravene er godt plassert med utsyn over Sognefjorden. Fleire av gravrøysene er i dag dessverre delvis øydelagt og det opphavlege landskapet er fjerna. Ein kan ikkje sitte eksakt datering for rydningsrøysene, men manglande funn av dyrkingslag i aust kan tilseie at rydningen i dette området er av nyare dato. At det ikkje vart funnen dyrkingslag betyr ikkje at området ikkje har vore i bruk. På marka har det i nyare tid blitt gjort fleire inngrep. Det er graven ned fleire veiter og vassledningar, og tidligare har det gått ein grusveg i nordre del. Gravrøysar frå jernalder ligg ofte i nærleiken av tidligare jordbruksområder.

Steinringen som ligg sør for Gravrøys 25774 kan truleg vera knytt til gravrøysa. Det er berre registrert 15 steinringar i Askeladden i Sogn og Fjordane. Form og storleik varierer frå 5-20meter i diameter. Steinringane blir ofte knytt opp mot ritual og kan vere anlagt i samband med gravlegging i røysar i nærleiken. Om steinringen er rester etter ei gravrøys blir den ein del av eit gravrøysbelte som går langsmed Sognefjorden.

NYARE TIDS KULTURMINNE

Fantehola

Vest for Sæle Sag, like ved elva som renn frå fjellet og ut i fjorden, ligg ei Fantehole. Plassen er eit lite innhuk eller platå like oppanfor elva. Det er berg i vest, sør og nord, med eit lite smalt parti i nord der ein kjem seg opp mot dagens dyrka mark. I nord går ein steingard i sør-nord retning. I sør er det rester av ein steingard som ligg på berget. Den endar opp ved røys1. I dag er hola/plassen full av tre og stein.



Figur 14: Fantehola med oppmuringane i sør og nord.

Varslingsvete

På same høgderyggen som gravrøyslokalitet 55446 står det rester av ein varslingsvete. Veten står i sørvestre hjørne på 55446-1 og det er truleg brukt stein frå gravrøysa til å bygge den opp. Dagens fyr, Selenes fyr, står om lag 60meter sør for varslingsveten. Her har ein utsyn over fjorden i alle retningar.



Figur 15: Varslingsvete og Selenes fyr

Vasking av garn

Nede ved fjorden er eit naturleg søkk i berget som har blitt brukt til vasking av garn i nyare tid.



Figur 16: Plass for farging av not.

Røys 1

Vest for Sæle Sag og like sør for Fantehola ligg ei røys. Steinane er jamne i storleik, men røysa kan sjå noko utrast ut. Den ligg på ei lita flate i skråninga

frå elvemunningen og opp mot toppen. Frå røysa er det godt utsyn over fjorden i sør og aust, og utan vegetasjon og bygningar har ein nok hatt utsyn til gravrøys 60464. Frå røysa er det bygd opp ein steingard som går nordover mot Fantehola. Ein kan ikkje sjå bort frå at det har vore ei gravrøys med tanke på at det finnes fleire graver i området, men den er tvilsam.




Figur 17: Røysa ligg vest for Sæle Sag. På biletet til høgre viser steingarden som går nordover mot Fantehola.

Røys 2

Aust for dei to gravrøysene 55446-1 og 2 ligg ein liten steinsamling, om lag 2meter i tverrmål. Den er dekkja med mose og torv og lite synleg. Røysa ligg på ein lav høgderygg parallelt med ryggen dei to gravrøysene ligg på. Nord og vest for røysa ligg dyrka mark, og langs marka, like nord for røysa, ligg små rydningsrøysar. Det er vanskeleg å seie om røysa er ein rest av gravrøys eller rydningsrøys. Plasseringa tilseier det ville vore ein tungvint måte å rydde åkeren på og den ligg fint plassert i forhold til dei to andre kjende gravrøysene.



Figur 18: Steinsamling, Røys 2



Figur 19. Plangrensa er vist i turkis. Både nyoppdaga og kjende automatisk freda kulturminne med automatisk freda sikringssone på fem meter er med.

KONKLUSJON

Under den arkeologiske registreringa ved Sæle Sag vart det funne ein steinring, ei gravrøys og fleire rydningsrøysar. Frå før var det kjend fire gravrøysar i området og funna passer godt inn med eksisterande kulturminner. Det vart og gjort tilstandsvurdering av dei tidligare kjende gravrøysene. Her er det naudsynt med tiltak for å bevare gravminna. I tillegg vart det registrert fleire nyare tids kulturminne i form av rydningsrøysar, steingardar og ei «Fantehole».

Førde 14.11.2017

Isabel Furesund

.....

Feltleiar

Vedlegg:

- ∞ Vedlegg 1. Liste over strukturar
- ∞ Vedlegg 2. Liste over sjakter
- ∞ Vedlegg 5. Fotoliste
- ∞ Vedlegg 6. Foto
- Vedlegg 7. Innmålingar
- Vedlegg 8. Teikningar

VEDLEGG 1: STRUKTURLISTE

Namn	Askeladden id	Storleik	Skildring	Foto
Grav-røys	231522	4,80x 3,90m. Høgde: 1,2m	Røysa er bygd opp med steinar i nokolunde jamn storleik og ser oppmura ut i vest. Røysa ligg skjult bak bergknausen i nord, men er synleg frå vest. Frå røysa har ein utsyn mot fjorden i sørvest og vest.	30, 68-72
Stein-sirkel	231511	4x3,6m	Sirkelen måler 4 x 3,6 meter og består av åtte store steinar og fleire små. Steinane varierer i storleik; den største 83x70cm og den minste 30x55cm. Det ligg fleire små steinar i og rundt sirkelen som ikkje er dekkja av torv og mose. Steinringen har vore godt synleg frå gravrøys 25774, og er kan hende rester etter ei mindre gravrøys	27,28,33-35, 41-53

VEDLEGG 2: LISTE OVER SJAKTENE

Sjakt	Gbnr.	Storleik	Undergrunn	Masse over	Strukturar /Funn	Sjakta av
1	88/1		Lys, raudbrun silt	Matjord	-	KHB og IF
2	88/1		Lys, raudbrun silt	Matjord	-	KHB og IF
3	88/1		Lys, raudbrun silt og berg	Matjord	-	KHB og IF

4	88/1		Lys, raudbrun silt	Matjord og elvemasse r/rasmasser	-	KHB og IF
----------	------	--	--------------------------	--	---	-----------

VEDLEGG 5: FOTOLISTE

Nr.	Motiv	Retning	Dato	Fotograf
1	Oversikt v/fyr	SA	12.10.2017	IF
2	Plass for farging av not	S	12.10.2017	IF
3	Sæle sag	A	12.10.2017	IF
4	Oversikt mot fyren	V	12.10.2017	IF
5	Røys v/Sæle sag	A	12.10.2017	IF
6	Mur ved Fantehola		12.10.2017	IF
7	Fantehola	S	12.10.2017	IF
8	Mur ved Fantehola		12.10.2017	IF
9	Mur ved Fantehola		12.10.2017	IF
10	Oversikt dyrka mark i vest. Utafor		12.10.2017	IF
11	Oversikt dyrka mark i vest. Utafor		12.10.2017	IF
12	Planomr. Dyrka mark i vest	SV	12.10.2017	IF

13	Planomr. Dyrka mark i vest	SV	12.10.2017	IF
14	Dyrka mark i aust	A	12.10.2017	IF
15	Dyrka mark i aust	SA	12.10.2017	IF
16	Sjakt 1	V	12.10.2017	IF
17	Sjakt 4	S	13.10.2017	IF
18	Sjakt 4	S	13.10.2017	IF
19	Rydning i aust	A	13.10.2017	IF
20	Rydning i aust	A	13.10.2017	IF
21	Røys 1	A	13.10.2017	IF
22	Røys 1	A	13.10.2017	IF
23	Gravrøys	S	13.10.2017	IF
24	Gravrøys	S	13.10.2017	IF
25	Utkast gravrøys	SA	13.10.2017	IF
26	Utkast gravrøys. Tatt opp mot røysa	N	13.10.2017	IF
27	Steinsirkel	V	13.10.2017	IF
28	Steinsirkel	V	13.10.2017	IF
29	Oversikt mot Sæle sag	V	13.10.2017	IF
30	Røys 1	A	13.10.2017	IF
31	Sjakt 3	S	13.10.2017	IF

32	Sjakt 2	S	13.10.2017	IF
33	Steinsirkel	S	13.10.2017	IF
34	Steinsirkel	S	13.10.2017	IF
35	Steinsirkel	S	13.10.2017	IF
36	Gravrøys 1	S	16.10.2017	IF
37	Gravrøys 1	S	16.10.2017	IF
38	Gravrøys 1	S	16.10.2017	IF
39	Frå gravrøys 1 og ned mot steinsirkel.	SV	16.10.2017	IF
40	Bilde 39 zooma inn	SV	16.10.2017	IF
41	Steinsirkel	V	16.10.2017	IF
42	Steinsirkel	NV	16.10.2017	IF
43	Steinsirkel	N	16.10.2017	IF
44	Steinsirkel	NA	16.10.2017	IF
45	Steinsirkel	NA	16.10.2017	IF
46	Steinsirkel	A	16.10.2017	IF
47	Steinsirkel	SA	16.10.2017	IF
48	Steinsirkel	V	16.10.2017	IF
49	Steinsirkel	V	16.10.2017	IF
50	Steinsirkel	V	16.10.2017	IF

51	Steinsirkel	V	16.10.2017	IF
52	Steinsirkel	S	16.10.2017	IF
53	Steinsirkel	S	16.10.2017	IF
54	Gravrøys 2	SV	16.10.2017	IF
55	Gravrøys 2	S	16.10.2017	IF
56	Gravrøys 2	NA	16.10.2017	IF
57	Gravrøys 2	NA	16.10.2017	IF
58	Gravrøys 2	NA	16.10.2017	IF
59	Gravrøys 2	SA	16.10.2017	IF
60	Gravrøys 2	NA	16.10.2017	IF
61	Gravrøys 2	NA	16.10.2017	IF
62	Gravrøys 2	S	16.10.2017	IF
63	Gravrøys 2	S	16.10.2017	IF
64	Gravrøys 2	S	16.10.2017	IF
65	Gravrøys 2	S	16.10.2017	IF
66	Gravrøys 2	SA	16.10.2017	IF
67	Gravrøys 2	SA	16.10.2017	IF
68	Røys 1	A	16.10.2017	IF
69	Røys 1	A	16.10.2017	IF
70	Røys 1	SA	16.10.2017	IF

71	Røys 1	A	16.10.2017	IF
72	Røys 1	A	16.10.2017	IF
73	Plassering gravrøys i aust	A	16.10.2017	IF
74	Plassering gravrøys i aust	A	16.10.2017	IF
75	Gravrøys i vest		16.10.2017	IF
76	Gravrøys i vest		16.10.2017	IF
77	Gravrøys i vest		16.10.2017	IF
78	Gravrøys i vest		16.10.2017	IF
79	Gravrøys i vest		16.10.2017	IF
80	Gravrøys i vest		16.10.2017	IF
81	Gravrøys i vest		16.10.2017	IF
82	Varslingsvete	N	16.10.2017	IF
83	Varslingsvete	N	16.10.2017	IF
84	Varslingsvete	N	16.10.2017	IF
85	Fyr	S	16.10.2017	IF
86	Røys i vest	NV	16.10.2017	IF
87	Røys i vest	SV	16.10.2017	IF
88	Rydning i vest	SA	16.10.2017	IF
89	Rydning i vest	SA	16.10.2017	IF

90	Rydning i vest	V	16.10.2017	IF
91	Gravrøysene i vest	S	16.10.2017	IF
92	Rydning i vest		16.10.2017	IF
93	_____	_____	_____	
94	Arbeidsbilete i Fantehola		16.10.2017	KHB
95	Steingard ved Fantehola	N	16.10.2017	KHB
96	Utsyn frå Fantehola	SA	16.10.2017	KHB
97	Oversyn ned mot røys ved Fantehola	SA	16.10.2017	IF
98	Røys ved Fantehola		16.10.2017	IF
99	Røys ved Fantehola		16.10.2017	IF
100	Røys ved Fantehola		16.10.2017	IF
101	Røys ved Fantehola		16.10.2017	IF
102	Utsyn frå røys ved Fantehola	SSV	16.10.2017	IF
103	Utsyn frå røys ved Fantehola	S	16.10.2017	IF
104	Steingard frå røys til Fantehola	N	16.10.2017	IF

VEDLEGG 6: FOTO



1



2



3



4



5



6



7



8



9



10



11



12



13



14



15



16



17



18



19



20



21



22



23



24



25



26



27



28



29



30



31



32



33



34



35



36



37



38



39



40



41



42



43



44



45



46



47



48



49



50



51



52



53



54



55



56



57



58



59



60



61



62



63



64



65



66



67



68



69



70



71



72



73



74



75



76



77



78



79



80



81



82



83



84



85



86



87




88




89



90



VEDLEGG 7: INNMÅLINGAR





SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Nærings- og
kulturavdelinga Pb.
173, 6801 FØRDE
Besøksadresse: Storehagen 1b, 6800
FØRDE Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no